**Vedlegg til sak om temaplan for oppvekst med vurdering**

Dette er ei oversikt over dei sju høyringsinnspela som kom inn knytt til temaplan for oppvekst. Her ligg dei med ein oppsummering over kva innspelt inneheld og kommunedirektøren sin vurdering. Nokre av høyringsinnspela er samanfallande med høyringsspel som er kome inn til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette gjeld innspela knytt til skulestruktur.

| | Namn | Innhald | Vurdering |
|---|---|---|---|
| | Klaus Iversen | I. Med ny anbodsrunde knytt til bygging av Skram skule er det mogleg å tenke nytt om skuleutbygging. Politisk er det vedteke å bygge Skram for 250 elevar for at skulane på Raudeberg og i Skavøypoll skulle bestå.<br>II. Iversen skildrar forholda ved dei tre barneskulane i Måløy, på Raudeberg og i Skavøypoll og har tre alternativ til bruk av brakkeskulen:1. Skavøypoll nyttar brakkeskulen ved oppgradering av skulen. 2. Flytte brakkeskulen til Måløy og settast der gamleskulen vert riven, medan resten av bygningsmassa vert oppgradert. 3. Brakkeskulen vert sett opp på Skaredammen.<br>III. Forslag til skulestruktur: | I høyringsinnspelet til Iversen ønskjer han å legge til rette for ein skule med elevane frå 1-4 trinn lokalisert på Raudeberg skule og ein skule for elevane på 5-7.trinn lokalisert på Skram skole. Bakgrunnen for innspelet er at skulestrukturen i nordre Kinn er i spel.<br><br>For å ta inn eit heilt nytt alternativ i tillegg til dei fire alternativa M0, M0+, M1 og M2 vil ein måtte starte utgreiingsprosessen på nytt for å avklare dei økonomiske, byggtekniske og kvalitetsmessige konsekvensane som Norconsult har utgreia for dei andre alternativa som er skissert i planen. Dette kan føre til ytterlegare forseinkingar knytt til oppstart av Skram skule.<br><br>I samfunnsplanen vert det lagt vekt på utfordringar knytt til å rekruttere nok fagfolk i åra som kjem. Mange er også uroa for rekrutteringa til grunnskulen. I dei områda som allereie no ser utfordringar knytt til rekruttering av lærarar i grunnskulen ser ein at dette er særleg vanskeleg på 1-4.trinn. Dette gjeld særleg for skular utanfor tettstader eller kommunesenter, skular som er langt unna kollektivtilbod og skular som etterspør spesiell kompetanse. Mange lærarstudentar vel lærarutdanning for 5-10.trinn og i mindre grad 1-7.trinn. Dette kan forklare noko av utfordringane ein ser knytt til rekruttering på 1-4.trinn. Store skular har vesentleg mindre utfordringar med rekruttering enn mindre skular kjem det fram i rapporten SØF-rapport nr. 04/23 Rekruttering av lærere ved norske skoler. Forklaringa på dette kan vere at lærarane ønskjer større fagmiljø og moglegheit til å undervise i dei faga dei har kompetanse i. Dette er moment som og ligg til grunn for Norconsult sin rapport.<br><br>Ein skule for elevane på 1-4.klassetrinn vil med elevtalet for 2024-25 ha 173 elevar. Dette vil utgjere 8 klassar med 21, 6 elevar i snitt pr. klasse. I tillegg vil ein få ei stor SFO avdeling med over 100 elevar, slik ordninga med gratis kjernetid er for elevar på 1-3.trinn. Raudeberg skule har pr. I |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 1. Skram, rive gamlebygget og oppgradere/tilbygg for 5-7 klasse for Skram, Holvik og Nord-Vågsøy.<br>2. Oppgradere Skavøypoll skule for 1-7 klasse på fastlandet<br>3. Raudeberg. Flytte brakkeskolen til Skaredammen som saman med Raudeberg skule har plass til 1-4 klasse for Nord-Vågsøy, Skram og Holvik/Våge.<br>IV. Busstransport er grei for alle alternativ. Raudeberg har eller kan få det samla sette beste og billegaste skuleanlegget. Raudeberg er og undervurdert med omsyn til utvikling.<br>V. Fordeling av klassene på Raudeberg og Skram medfører at ein kan sjå på det som ein skule og kan ha felles rektor og hjelpetenester. Økte kostnader til drift av tre skular må ein kunne tole. Framlegget gir betre høve til fysisk aktivitet. | dag 7 klasserom og eit lite rom til SFO- tilbodet sitt. Det betyr at ein vil måtte dele elevgruppene mellom hovudbygg og brakker for å få plass til alle elevane.<br><br>Ei organisering i 1-4 og 5-7 i ulike skular vil også gje elevane ein ny overgang. Store overgangar i barnehage og skule er krevjande for alle elevar, for sårbare born er slike overgangar særleg utfordrande. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | VI. Følgjande investeringar er naudsynt:<br>1. Tilpassing til eller i eksisterande bygg på Skram skule utanom gamlebygget.<br>2. Tomten til gamlebygget på Skram planerast og inngår i uteareala.<br>3. Oppgradering av Skavøypoll skule.<br>4. Brakkeskulen vert brukt for Skram eller Skavøypoll eller flyttast primært til Skaredammen.<br>5. Det vert antatt at det ikkje er store kostnader knytt til flytting av modulskule.<br>6. Omregulering frå idrettsformål til skuleformål på Skaredammen, samt gangbru over fylkesvegen.<br>Kostnader knytt til fylkesveg på Raudeberg er eit fylkeskommunalt ansvar medan utbetring i Måløy er eit kommunalt ansvar. Det er og | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | kostnader til opp-kjøp av private bustadtomter i Måløy.<br>VII. Overordna prinsipp for foreslått skulestruktur er kultur, livskvalitet, auka økonomisk effektivitet og barnet sitt beste.<br>VIII. Estimert innsparing er på 190 millionar ved å gå for framlegg til skulestruktur i punkt III. Driftskostnader vil verte eit par millionar ekstra. Dette er kostnader som er viktige for å sikre at bygdene framleis er attraktive for busetting og næringsliv. | |
| | Foreldre v/Skavøypoll barnehage | Einskilt foreldre ved Skavøypoll barnehage har svart på Formspørsmåla som vart nytta på Kinn kommune sitt folkemøte i Måløy. Det vert presisert i høyringsuttalen at dette ikkje er eit samla standpunkt.<br>**1. Korleis omstiller vi til færre barn i skulane våre?**<br>• Alle val må ta utgangspunkt i eleven sitt beste<br>• Legg ned småskulane, større fagmiljø på dei store skulane<br>• Forankre temaplan for oppvekst på alle nivå i kommunen og legge vekt | Norconsult har utgreidd skulestruktur i dokument som er vedlagt kommuneplanen sin samfunnsdel og temaplan for oppvekst. Der er det teke omsyn til sosial-, økologisk-, og økonomiske berekraft. Omsynet til barnet sitt beste er vektlagt.<br><br>Fleire av innspela legg vekt på at ein må slå saman skular både for å sikre rekruttering, få større fagmiljø og få eit forsvarleg miljø og drift. Uro kring rekruttering til oppvekstsektoren har eit eige kapittel i temaplan for oppvekst 3.5 Kompetanse, rekruttering og bemanning.<br>Med kommunedirektøren sitt framlegg vil det vere ein barneskule på kvar side av brua i Måløy, Skavøypoll skule og Nye Skram skule.<br><br>1. **Verdien av skulen i eit lokalsamfunn**<br><br>Det er etterlyst eit betre kunnskapsgrunnlag for kva verknader nedlegging av ein skule kan få for eit lokalsamfunn.<br><br>I forskinga kring nedleggingar av skular vert det lagt vekt på at motstanden mot skulenedlegging er sterk. Dette vert forklart med at den lokale skulen har eit opplevd trygt og godt læringsmiljø samstundes som |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | på utviklings- og forbetringsarbeid<br>• Legge vekt på rekruttering<br>• Å planlegge for barnetalsnedgang fører til at spådomen går i oppfylling. Vil vi ha fleire barn i skulane må vi styrke attraktiviteten.<br>• Skular må slåast saman for å sikre eit forsvarleg miljø og drift<br>• Kor mykje har ein skule å seie for eit nærområde? Kan det vere at andre faktorar som bustadtomter, opparbeidde turområde, nærleik til sjø, trygge gangvegar, kollektivtransport, gode leikeplassar har meir å seie for kvar ein buset seg enn om at ein kan gå til skulen ? Det er viktig at vi har eit klarare kunnskapsgrunnlag før ein konkluderer.<br>**2. Kva kan vere alternativ til strukturtiltak i oppvekstsektoren?**<br>• Kutte i andre sektorar enn helse og oppvekst<br>• Samle 5.-7.klasse på ein skule og 1-4.klasse i nærskulen. | skulen har ei viktig rolle i heile lokalmiljøet. Det vert lagt vekt på skulen som samlingsplass for bygda. Det er i skulen sine lokale lag og foreiningar har møter, det er her det vert arrangert sosiale tilstellingar, gymsalen vert lånt ut og 17.mai arrangerast. Slik vert skulen skildra som limet som held bygda saman. ( Sjå meir i Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen)<br><br>Ved ein skulenedlegging fryktar ein negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg (Solstad; 2009,2014).<br><br>NOU 2020:15 Det handler om Norge er ei utgreiing om konsekvensar av demografiutfordringar i distrikta. Rapporten slår fast at det er tre hovudutfordringar; befolkningsnedgang, aldring og spreidd busetnad. Desse tre utfordringane har ein tendens til å opptre saman. Hovudalternativet i dei nye framskrivingane til ssb viser ein stabil og liten nedgang i distriktskommunar fram mot 2040. Det er fleire årsaker til dette; Færre unge i distrikta gir lågare utflytting, det vil framleis vere ein liten andel unge som flyttar frå by til bygd, den kraftige veksten i eldre gir ei større befolkning og det vil framleis vere innvandring til distrikta. Drivkreftene for sentralisering er imidlertid så sterke at vi ikkje kan ta det for gitt at flytteåtferda held seg stabil. Drivkreftene er:<br>• Vekst i kompetanseintensiv og tenesteytande sektor vil i stor grad framleis finne stad i byane.<br>• Mange vel å busette seg sentralt.<br>• En stadig større andel av dei unge veks opp i sentrale strøk og har avgrensa erfaring med eller familietilknyting til distriktskommunar.<br>• Mange innvandrarar ser ut til å velgje å bu i sentrale strøk.<br><br>Rapporten slår fast at utfordringane med spreidd busetting framleis vil eksistere og distrikta blir ikkje avfolka. Forventningane har i stor grad vert fokusert på stimulering til vekst framfor korleis det kan planleggast for å sikre gode tenester i område med spreidd busetnad. Det er foreslått eit program for utprøving av nye tiltak i distriktspolitikken. |

- Proaktivt arbeid for å få fleire til å flytte til Kinn
- Ved skulesamanslåing er det viktig at skulane som skal ta imot elevar er tilpassa elevtalet og legg til rette for gode læringsmiljø. Trygg skuleveg for alle er viktig.
- Få på plass fleire born
- I norddelen av kommunen er det eit minimumskrav at det er ein skule og barnehage på fastlandet og ein barneskule og barnehage på andre sida av brua.
- Skram vert bygd for 400 elevar i Måløy
- Skram vert bygd for 400 elevar  på fastlandet.

3. **Korleis kan vi oppretthalde kvaliteten i oppvekstsektoren med færre ressursar?**

Det er få av dei som har svart som meiner at det er mogleg å oppretthalde kvaliteten i oppvekst med færre ressursar. Nokon nemner at dei opplever at det er for lite ressursar i oppvekst allereie og er uroa for om elvane får det dei har krav på. Av konkrete framlegg vert det nemnt dugnad, betre tverrfaglege tenester og å samle tilboda på ein mest mogleg

Det er gjort ein litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning der det vert sett på samanhengen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling:

*«Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørlie mfl 2012). Grunnskole og videregående skole er derimot ikke blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørlie m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skolenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser seg situasjonen der de bor.»*

Det er og vist til at det er manglande støtte i forsking på kva konsekvensar ei nedlegging av ein skule vil ha å seie for utvikling av ei bygd. Andre forhold som arbeidsmarknad og jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda.

Sjå og vurderinga over knytt til kva mål og tiltak samfunnsdelen har for å sikre attraktivitet og tilflytting til både bygd og by.

2. **Kva har skjedd med folketalsutviklinga i bygder der skulen er nedlagd?**

Høyringsinnlegga peikar på uro og frykt for negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg.

I tabellane under viser vi folketalsutviklinga i tre grunnkretsar der ein har lagt ned skular:

Kvalheim skule vart nedlagt i 2003.

| **Kvalheim** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0-5 år** | 16 | 17 | 15 | 15 | 14 | 10 | 7 | 6 | 7 | 5 |

forsvarleg måte slik at ein sikrar rekruttering og godt skulemiljø for alle elevane i Måløy.

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **6-19 år** | 24 | 25 | 26 | 28 | 34 | 31 | 34 | 39 | 40 | 41 |
| **20-66 år** | 92 | 93 | 88 | 87 | 87 | 86 | 81 | 77 | 72 | 76 |
| **67 år og eldre** | 22 | 20 | 20 | 20 | 23 | 22 | 29 | 30 | 33 | 32 |
| **Totalt** | **154** | **155** | **149** | **150** | **158** | **149** | **151** | **152** | **152** | **154** |

Tabell 1: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt

| **Våge - Oppedal** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0-5 år** | 17 | 22 | 19 | 14 | 14 | 15 | 12 | 12 | 11 | 11 |
| **6-19 år** | 45 | 45 | 48 | 45 | 45 | 44 | 53 | 46 | 46 | 47 |
| **20-66 år** | 155 | 151 | 143 | 148 | 147 | 143 | 140 | 142 | 135 | 135 |
| **67 år og eldre** | 33 | 31 | 38 | 41 | 41 | 44 | 45 | 51 | 54 | 57 |
| **Totalt** | **250** | **249** | **248** | **248** | **247** | **246** | **250** | **251** | **246** | **250** |

Tabell 2: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt

| **Holvik** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0-5 år** | 26 | 26 | 26 | 24 | 16 | 18 | 17 | 25 | 27 | 33 |
| **6-19 år** | 83 | 77 | 76 | 69 | 65 | 61 | 59 | 58 | 61 | 62 |
| **20-66 år** | 234 | 223 | 220 | 214 | 213 | 204 | 207 | 209 | 211 | 212 |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **67 år og eldre** | 51 | 54 | 53 | 55 | 56 | 57 | 60 | 61 | 57 | 62 |
| **Totalt** | **394** | **380** | **375** | **362** | **350** | **340** | **343** | **353** | **356** | **369** |

Tabell 3: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt

Som vi kan lese ut av tabellane ser vi at Kvalheim og Oppedal har eit jamt folketal 12 år etter at skulane er lagt ned. Kvalheim har i åra frå 2015 – 2024 hatt ei auke i aldersgruppa 6-19 år med nær 40 prosent. Vi ser tydeleg at det i perioden vert færre born i aldersgruppa 0-5 år (rekruttering inn i skulen) medan det vert færre i arbeidsfør alder og fleire som er 67 år og eldre. Holvik har sjølv med befolkningsnedgang ein auke i tal born 0-5 år.

Ut frå dette er det grunn til å stille spørsmål ved om det er skule og det å kunne gå til skulen som er avgjerande for om folk ønskjer å etablere seg i bygdene.

I høyringsinnspelet frå ein forelder i Skavøypoll barnehage vert det stilt spørsmål om andre faktorar som bustadtomter, opparbeidde turområde, nærleik til sjø, trygge gangvegar, kollektivtransport, gode leikeplassar har meir å seie for kvar ein buset seg enn om at ein kan gå til skulen? Det vert og påpeika at det er viktig at vi har eit klarare kunnskapsgrunnlag før ein konkluderer.

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Skarevik barnehage SA v/ Rita Lothe Mobakken | Skarevik barnehage er uroa over framtida til barnehagen om Raudeberg skule vert lagt ned. Det er eit godt samarbeid mellom Skarevik barnehage og Raudeberg skule, dette sikrar trygge overgangar mellom barnehage og skule for elevane. | Skarevik barnehage og Furuhaugane barnehage er uroa over kva som vil skje med drifta av dei to barnehagane om Skavøypoll skule og Krokane skule vert lagt ned.<br><br>Det vert ikkje gjort endring i barnehagane sine opptaksområde, og dei vil rekruttere barn frå sine nærområde. Det er talet barn i aldersgruppa 0-5 som er styrande for barnehageplassar i den enkelte barnehage.<br><br>Konsekvensar for barnehagane i høve attraktivitet og nyetablering er ikkje nødvendigvis knytt til om Krokane skule og Skavøypoll skule vert opprettheldе. |
| | Furuhaugane barnehage SA V/Gro Sandvik | Furuhaugane barnehage v/ Gro Sandvik er på vegne av barnehagen uroa over at det i | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | temaplan for oppvekst vert gjort framlegg om strukturtiltak knytt til nedlegging av Krokane skule. Barnehagen er uroa for at ei slik nedlegging vil få negative konsekvensar for drifta av Furuhaugane barnehage og Krokane barnehage som ligg i nærområdet til skulen og at dette vil ha uheldige konsekvensar for Krokane bydel i høve attraktivitet og nyetablering. | |
| | Utdanningsforbundet i Kinn V/Vegar Mathisen-Yndestad | I Høyringsinnspelet frå Utdanningsforbundet ønskjer dei at planen i større grad må konkretiserast, og at det er for lite fokus på kor viktig det er med vaksne med god kompetanse i arbeidet med born. Slik Utdanningsforbundet vurderer det er det for lite fokus på rekruttering, rettleiing av nyutdanna og korleis ein kan halde på kompetent personale innafor oppvekstsektoren. Dei meiner at planen har for stort fokus på utfordringar knytt til demografi og økonomi og at ein i større grad må fokusere på moglegheitene som ligg i oppvekst. | Temaplan for oppvekst har eit eige kapittel (3.5) knytt til kompetanse, rekruttering og bemanning. Her er dei utfordringane Utdanningsforbundet viser til tatt opp. Problemstillingane vil bli konkretisert i oppdraga til skule og barnehage. |
| | FAU v/Nepjarhaugen barnehage v/ Sara Svardahl Hovden | Høyringsinnlegget til FAU v/Nepjarhaugen barnehage meiner at temaplan for oppvekst | I temaplan for oppvekst er det stort fokus på å utvikle barnehage og skule sin inkluderande praksis **for alle** elevar. Målet er å gjere den ordinære |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | legg for lite vekt på korleis ein i barnehage og skule skal styrkje barn med anna morsmål enn norsk slik at dei skal ha dei same moglegheitene og slik fremme integrering og hindre utanforskap. Det vert peika på at desse elevane har færre grunnskulepoeng og lavare fullføringsgrad i vidaregåande opplæring enn den øvrige befolkninga. Dei gjer framlegg til at teksten under 3.3 inkluderande oppvekstmiljø bør vere: ***"Moglegheiter knytt til tidleg innsats og førebygging, at barnehagane og skulane har fleirspråklege ressursar (kompetente ansatte, personar i praksis, lærlingar og digitale hjelpemiddel), for å fremme integrering og hindre utanforskap på sikt".*** | opplæringa så inkluderande at ein innafor avdelinga/klassen sine rammer skal femne alle barn og elevar og dei med anna språkbakgrunn. |
| | Statsforvaltaren i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland har ingen vesentlege merknader til planen.<br>Det vert vist til brev av 02.01.23 der Statsforvaltaren peiker på viktigheita av at kommunen har ein strategi for å møte kompetansebehovet som vil oppstå etter at Statped fekk endra organisering og mandat frå 01.05.22. I dette ligg det at Kinn PPT og andre støttetenester overtek ansvaret for meir | Oppvekstsektoren arbeider med oppdrag inkluderande oppvekst slik det kjem fram i temaplanen. Kinn kommune arbeider med Kompetanseløftet og får bistand av Læringsmiljøsenteret i Stavanger. Det vert i arbeidet lagt vekt på arbeidet i laget kring barnet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | høgfrekvente læringsvanskar hos barn og unge. | |

I tabellen under finn du høyringsinnspel som kom til kommuneplanen sin samfunnsdel som omhandlar oppvekst og skulestruktur.

| | | | |
|---|---|---|---|
| 22 | Innbyggarforslag | Innbyggarforslaget har (02.10.2024) 331 underskrifter og det er krav til minimum 300 underskrifter for at innbyggarane har rett til å setje ei sak på den politiske dagsorden. Det er og underskrift som manglar fullt namn og underskrift fleire gonger med same namn.<br><br>Sitat frå innbyggarforslaget:<br><br>Jeg vil BEHOLDE RAUDEBERG SKULE!!<br><br>HER MÅ VI STÅ SAMMEN FOR Å BEVARE EN AV DE VIKTIGSTE PLASSENE PÅ RAUDEBERG! Kommunen ønsker på legge ned Raudeberg skole og sentralisere skolen på Skram i Måløy. Jeg mener dette ikke er bra pga elevenes reisetid og at de mister en trygg skolevei. Skolen har store fordeler, der overgangen fra barnehage til 1.klasse er trygg og god siden de ligger så nært, skolen har flott natur rett utforbi som er | Administrasjonen vil ikkje tilrå å gjere endringar med bakgrunn i innspelet.<br><br>3. **Innleiing**<br><br>Innbyggarforslaget vert ikkje handsama som eiga sak men vert handsama i pågåande sak med ny samfunnsdel der kommunen samla skal vurdere skulestruktur. Innspela peikar på kor viktig skulane er for lokalsamfunnet og barna som veks opp der. Det vert særleg framheva at skulane er trygge og gode med tett samarbeid med barnehage. Uteområda på skulane legg opp til varierte aktivitetar og skulen har ei god lokalisering med kort veg til fjell, idrettsanlegg, fjære, sjø og skog. Norconsult har utgreidd skulestruktur i dokument som er vedlagt samfunnsdelen og oppvekstplanen. Der er det teke omsyn til sosial-, økologisk-, og økonomisk berekraft og omsynet til barnet sitt beste.<br><br>4. **Konklusjon skulestruktur**<br><br>Ein grunnskule i Noreg hadde i skuleåret 2022-23 i gjennomsnitt 232 elevar. Det er særleg skular med færre enn 100 elevar som vert lagt ned. Skuler som har blitt lagt ned har i gjennomsnitt 74 elevar siste driftsåret.<br><br>Kommunedirektøren tilrår at det vert gjennomført ei strukturendring tilsvarande M1 alternativet.<br><br>Ved å gjennomføre tiltaka, som tilrådd etter M1, sikrar vi drift av dei resterande skulane gjennom heile planperioden. Norconsult har gjennomført ei konsekvensvurdering med omsyn på føremoner og ulemper av eit slikt framlegg til ny skulestruktur. Konsekvensvurderinga peikar på at færre skular gjev god nytte om ein ser på barna sitt beste, sikrar fagleg breidde og reduserer utgifter til bygg. Norconsult har tilrådd dette alternativet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | flittig brukt til både turer og undervisning! Jeg ser ingen sammenheng mellom å legge ned en skole pga økonomi for så å låne opp mer til en ny. Skolen er en VIKTIG del av Raudeberg!!!! | **M1**: Moderat strukturell omlegging / moderat effektiviseringsgevinst. Hovudtiltak er Nye Skram skule inklusiv Raudeberg. Krokane skule vert fordelt til Florø barneskole (70%) og Torvmyrane skule (30%). Stavang skule vert lagt ned frå hausten 2025. Tilbygg/ombygging og nytt idrettsbygg til Florø barneskole – både for å styrke spesialromsfunksjonane til kroppsøving – etablere betre personalfunksjonar, og for å tilføre skulen meir fellesareal / samlingsareal. Oppfølging av vedlikehaldsetterslep (nøkternt) ved dei andre skuleanlegga – utfasing av nedlagde anlegg reduserer vedlikehaldsetterslepet. Nedlegging av Krokane skule vil gje ei samla årleg innsparing på omlag kr. 12,6 mill. (sparte drifts- og investeringskostnader).<br><br>I saksutgreiinga er det gjort vurderingar av investeringar og tilrådd etterbruk av skulebygg som er foreslått lagt ned.<br><br>5. **Verdien av skulen i eit lokalsamfunn**<br><br>Det er etterlyst eit betre kunnskapsgrunnlag for kva verknader nedlegging av ein skule kan få for eit lokalsamfunn.<br><br>I forskinga kring nedleggingar av skular vert det lagt vekt på at motstanden mot skulenedlegging er sterk. Dette vert forklart med at den lokale skulen har eit opplevd trygt og godt læringsmiljø samstundes som skulen har ei viktig rolle i heile lokalmiljøet. Det vert lagt vekt på skulen som samlingsplass for bygda. Det er i skulen sine lokale lag og foreiningar har møter, det er her det vert arrangert sosiale tilstellingar, gymsalen vert lånt ut og 17.mai arrangerast. Slik vert skulen skildra som limet som held bygda saman. ( Sjå meir i Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen)<br><br>Ved ein skulenedlegging fryktar ein negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg (Solstad; 2009,2014).<br><br>NOU 2020:15 Det handler om Norge er ei utgreiing om konsekvensar av demografiutfordringar i distrikta. Rapporten slår fast at det er tre hovudutfordringar; befolkningsnedgang, aldring og spreidd busetnad. Desse tre utfordringane har ein tendens til å opptre saman. Hovudalternativet i dei nye framskrivingane til ssb viser ein stabil og liten nedgang i distriktskommunar fram mot 2040. Det er fleire årsaker til dette; Færre unge |
| 23 | Skarevik barnehage Sa | Styret i Skarevik barnehage stiller oss bak framlegget M0/M0+. Raudeberg er ein god og trygg barnehage for nord-Vågsøy og bør ikkje leggast ned. Skarevik barnehage og Raudeberg skule har eit godt og tett samarbeid og overgangen mellom barnehage og skule opplevast som trygt, med hyppige skulebesøk, bruk av gymsal og uteområda til skulen. Raudeberg skule har god moglegheit til å nytte naturen som lærearena med nærleik til fjell, fjøre, skog og idrettspark. | |
| 24 | Rita Lothe Mobakken | Mobakken ynskjer å behalde Raudeberg skule. Skulen betyr mykje for heile Nord-Vågsøy. Den ligg flott til i naturen og med nærleik til fjell, skog og fjære. Det burde vore sett på andre tomter enn berre Måløy dersom nedlegging er eit alternativ. Det kan komme mange arbeidsplassar til Raudeberg og skule og | |

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>barnehage bidreg til busetting. Kva skal skje med skulebygget? Det bør vere meir fokus på bygdene. Kinn kommune er meir enn sentrum av Florø og Måløy.</td>
<td rowspan="3">i distrikta gir lågare utflytting, det vil framleis vere ein liten andel unge som flyttar frå by til bygd, den kraftige veksten i eldre gir ei større befolkning og det vil framleis vere innvandring til distrikta. Drivkreftene for sentralisering er imidlertid så sterke at vi ikkje kan ta det for gitt at flytteåtferda held seg stabil. Drivkreftene er:<br><br>• Vekst i kompetanseintensiv og tenesteytande sektor vil i stor grad framleis finne stad i byane.<br>• Mange vel å busette seg sentralt.<br>• En stadig større andel av dei unge veks opp i sentrale strøk og har avgrensa erfaring med eller familietilknyting til distriktskommunar.<br>• Mange innvandrarar ser ut til å velgje å bu i sentrale strøk.<br><br>Rapporten slår fast at utfordringane med spreidd busetting framleis vil eksistere og distrikta blir ikkje avfolka. Forventningane har i stor grad vert fokusert på stimulering til vekst framfor korleis det kan planleggast for å sikre gode tenester i område med spreidd busetnad. Det er foreslått eit program for utprøving av nye tiltak i distriktspolitikken.<br><br>Det er gjort ein litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning der det vert sett på samanhengen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling:<br><br>«Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørlie mfl 2012). Grunnskole og videregående skole er derimot ikke blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørlie m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skolenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser seg situasjonen der de bor.»<br><br>Det er og vist til at det er manglande støtte i forsking på kva konsekvensar ei nedlegging av ein skule vil ha å seie for utvikling av ei bygd. Andre forhold som arbeidsmarknad og jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda.</td>
</tr>
<tr>
<td>25</td>
<td>Birgitte Tennebø Buvik</td>
<td>Nedlegging av Raudeberg skule er ikkje til å forstå og er ikkje bra p.g.a. reisetid og tap av trygg skuleveg. Skulen har store fordelar med nærleik til barnehage og flott natur som er flittig brukt til turar og undervisning. Buvik peikar på at det ikkje er samanheng mellom å legge ned ein skule på grunn av økonomi for så å låne opp meir til ein ny skule. Skulen er ein viktig del av Raudeberg. Raudeberg har eit stort potensiale for utvikling og vekst.</td>
</tr>
<tr>
<td>26</td>
<td>Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)</td>
<td>FAU på Raudeberg Skule stiller seg bak forslaget M0/M0+. Førebelse planar for nedlegging av Raudeberg skule er for uavklart og mangelfulle i forhold til budsjett og plan f.o.m. 2026. Raudeberg Skule er ein velhalden skule som er viktig for alle innbyggarane på Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik og Kvalheim. Uteområdet på skulen legg opp til varierte aktivitetar og ein har kort veg</td>
</tr>
</table>

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>til fjell, idrettspark, fjære, sjø og skog. Overgang frå barnehage til skule kan vere ei utfordring. På Raudeberg er barnehagen nært knytt til skulen. Barnehagen nyttar seg av skulelokalet og området rundt. Skole og barnehage har eit godt og berekraftig samarbeid gjennom hele året. Dette tryggar overgangen frå barnehage til skule. Det er viktig for oss å synleggjere at ein ønskjer vekst i bygda og ikkje berre i sentrum. Framtidsutsiktene for Raudeberg viser til forbetring av infrastruktur, auka aktivitet med fleire arbeidsplassar og ledige tomter og bustader.</td>
<td rowspan="2">Sjå og vurderinga over knytt til kva mål og tiltak samfunnsdelen har for å sikre attraktivitet og tilflytting til både bygd og by.<br><br>6. Kva har skjedd med folketalsutviklinga i bygder der skulen er nedlagd?<br><br>Høyringsinnlegga peikar på uro og frykt for negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg.<br><br>I tabellane under viser vi folketalsutviklinga i tre grunnkretsar der ein har lagt ned skular:<br><br>Kvalheim skule vart nedlagt i 2003.<br><br>
<table>
<tr><th>Kvalheim</th><th>1995</th><th>1996</th><th>1997</th><th>1998</th><th>1999</th><th>2000</th><th>2001</th><th>2002</th><th>2003</th><th>2004</th><th>2005</th><th>2006</th><th>2007</th><th>2008</th></tr>
<tr><td>0-5 år</td><td>17</td><td>14</td><td>13</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td><td>8</td><td>15</td><td>12</td><td>9</td><td>6</td><td>10</td><td>12</td><td>14</td></tr>
<tr><td>6-18 år</td><td>29</td><td>26</td><td>32</td><td>35</td><td>35</td><td>33</td><td>34</td><td>33</td><td>31</td><td>27</td><td>27</td><td>29</td><td>28</td><td>26</td></tr>
<tr><td>19-66 år</td><td>112</td><td>107</td><td>105</td><td>101</td><td>97</td><td>98</td><td>92</td><td>99</td><td>101</td><td>94</td><td>93</td><td>94</td><td>89</td><td>91</td></tr>
<tr><td>67 år +</td><td>30</td><td>27</td><td>23</td><td>24</td><td>24</td><td>27</td><td>27</td><td>27</td><td>28</td><td>27</td><td>27</td><td>27</td><td>26</td><td>25</td></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>188</td><td>174</td><td>173</td><td>170</td><td>166</td><td>168</td><td>161</td><td>174</td><td>172</td><td>157</td><td>153</td><td>160</td><td>155</td><td>156</td></tr>
</table>
<br>
<table>
<tr><th>Kvalheim</th><th>2009</th><th>2010</th><th>2011</th><th>2012</th><th>2013</th><th>2014</th><th>2015</th><th>2016</th><th>2017</th><th>2018</th><th>2019</th><th>2020</th><th>2021</th><th>2022</th><th>2023</th></tr>
<tr><td>0-5 år</td><td>18</td><td>13</td><td>12</td><td>9</td><td>9</td><td>16</td><td>17</td><td>15</td><td>15</td><td>14</td><td>10</td><td>7</td><td>6</td><td>6</td><td>6</td></tr>
<tr><td>6-18 år</td><td>22</td><td>22</td><td>19</td><td>19</td><td>19</td><td>23</td><td>24</td><td>26</td><td>27</td><td>29</td><td>28</td><td>34</td><td>37</td><td>39</td><td>38</td></tr>
<tr><td>19-66 år</td><td>98</td><td>92</td><td>97</td><td>91</td><td>91</td><td>93</td><td>94</td><td>90</td><td>89</td><td>91</td><td>89</td><td>81</td><td>79</td><td>75</td><td>78</td></tr>
<tr><td>67 år +</td><td>26</td><td>25</td><td>24</td><td>23</td><td>20</td><td>21</td><td>20</td><td>19</td><td>20</td><td>23</td><td>23</td><td>28</td><td>29</td><td>32</td><td>31</td></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>164</td><td>152</td><td>152</td><td>142</td><td>139</td><td>153</td><td>155</td><td>150</td><td>151</td><td>157</td><td>150</td><td>150</td><td>151</td><td>152</td><td>153</td></tr>
</table>
Våge Oppedal skule vart nedlagt i 2003.<br><br>
<table>
<tr><th>Våge-Oppedal</th><th>1995</th><th>1996</th><th>1997</th><th>1998</th><th>1999</th><th>2000</th><th>2001</th><th>2002</th><th>2003</th><th>2004</th><th>2005</th><th>2006</th><th>2007</th><th>2008</th></tr>
<tr><td>0-5 år</td><td>24</td><td>26</td><td>27</td><td>28</td><td>23</td><td>21</td><td>19</td><td>24</td><td>17</td><td>13</td><td>16</td><td>15</td><td>12</td><td>16</td></tr>
<tr><td>6-18 år</td><td>66</td><td>71</td><td>60</td><td>60</td><td>69</td><td>61</td><td>58</td><td>56</td><td>58</td><td>60</td><td>53</td><td>48</td><td>55</td><td>51</td></tr>
</table>
</td>
</tr>
<tr>
<td>27</td>
<td>Foreldregruppene ved Skavøypoll barnehage</td>
<td>Foreldra til barn i Skavøypoll barnehage fekk tilsendt ein forms der dei som var interessert kunne svare. I det vidare følgjer svara som vart sendt inn på tre ulike spørsmål:<br><br>1. Korleis omstiller vi til færre barn i skulane våre?<br>a. Ivareta elevens beste<br>b. Fleksibel skuleordning<br>c. Legge ned småskulane, større fagmijlø på dei store skulane</td>
</tr>
</table>

d. Forankre ambisjonane i oppvekstplanen på alle nivå
e. Rekruttere heim før ein legg ned skular
f. Å planlegge for færre barn er å la ein spådom gå i oppfylling
g. Det er ikkje nødvendigvis moglegheita for å gå til skulen som er avgjerande for kvar ein vel å busetje seg. Det burde vert betre kunnskapsgrunnlag for kva verknader nedlegging av ein skule kan få for eit lokalsamfunn. Det er viktig å legge vekt på barnet sitt beste. Større skular kan ha sterkare ressursar og det kan vere lettare å få ein ven og overgangen til ungdomsskulen kan verte mindre overveldande

2. Kva kan vere alternativ til strukturtiltak i oppvekstsektoren?
   a. Kutte i andre sektorar enn helse og omsorg

| | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 19-66 år | 173 | 176 | 173 | 179 | 175 | 172 | 168 | 172 | 169 | 171 | 165 | 163 | 155 | 159 |
| 67 år + | 58 | 59 | 65 | 64 | 64 | 62 | 63 | 58 | 57 | 54 | 54 | 54 | 44 | 40 |
| Totalt | 321 | 332 | 325 | 331 | 331 | 316 | 308 | 310 | 301 | 298 | 288 | 280 | 266 | 266 |

| Våge-Oppedal | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0-5 år | 14 | 14 | 16 | 18 | 22 | 17 | 22 | 19 | 14 | 14 | 15 | 12 | 12 | 11 | 11 |
| 6-18 år | 46 | 47 | 49 | 36 | 40 | 42 | 43 | 40 | 41 | 42 | 44 | 49 | 42 | 43 | 47 |
| 19-66 år | 155 | 159 | 163 | 166 | 161 | 158 | 153 | 151 | 152 | 150 | 143 | 146 | 146 | 138 | 135 |
| 67 år + | 38 | 36 | 32 | 31 | 30 | 32 | 31 | 38 | 41 | 41 | 43 | 44 | 50 | 54 | 58 |
| Totalt | 253 | 256 | 260 | 251 | 253 | 249 | 249 | 248 | 248 | 247 | 245 | 251 | 250 | 246 | 251 |

Holvik skule vart nedlagd i 2018.

| Holvik | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0-5 år | 26 | 26 | 26 | 24 | 16 | 18 | 17 | 25 | 27 | 33 |
| 6-19 år | 83 | 77 | 76 | 69 | 65 | 61 | 59 | 58 | 61 | 62 |
| 20-66 år | 234 | 223 | 220 | 214 | 213 | 204 | 207 | 209 | 211 | 212 |
| 67 år og eldre | 51 | 54 | 53 | 55 | 56 | 57 | 60 | 61 | 57 | 62 |
| Totalt | 394 | 380 | 375 | 362 | 350 | 340 | 343 | 353 | 356 | 369 |

Som vi kan lese ut av tabellane ser vi at Kvalheim og Oppedal har eit jamt folketal 12 år etter at skulane er lagt ned. Kvalheim har i åra frå 2015 –2024 hatt ei auke i aldersgruppa 6-19 år med nær 40 prosent. Vi ser tydeleg at det i perioden vert færre born i aldersgruppa 0-5 år (rekruttering inn i skulen) medan det vert færre i arbeidsfør alder og fleire som er 67 år og eldre. Holvik har sjølv med befolkningsnedgang ein auke i tal born 0-5 år.

b. Samle dei eldste elevane på ein skule og ha 1-4 klasse i nærskulen
c. Proaktivt arebid for å gjere det attraktivt å flytte til Kinn
d. Få fleire barn
e. Minimum ein skule på fastlandet og på andre sida av brua
f. Bygge Skram skule i Måløy for 400 elevar slik at den på sikt kan romme alle elevane eller bygge den på Fastlandet

3. Korleis kan vi oppretthalde kvaliteten i tenestetilbodet i oppvekstsektoren med færre ressursar?
   a. Det vert stilt spørsmål ved kvaliteten i dag
   b. Dugnad
   c. Kan ikkje kutte i oppvekst
   d. Samarbeid på tvers av fag, tenester og kommunar. Sikre at vi er attraktive for å få ressursar som er kompetente
   e. Auke inntektene
   f. Med færre ressursar kan ein ikkje oppretthalde kvalitet.

Ut frå dette er det grunn til å stille spørsmål ved om det er skule og det å kunne gå til skulen som er avgjerande for om folk ønskjer å etablere seg i bygdene.

I høyringsinnspelet frå ein forelder i Skavøypoll barnehage vert det stilt spørsmål om andre faktorar som bustadtomter, opparbeidde turområde, nærleik til sjø, trygge gangvegar, kollektivtransport, gode leikeplassar har meir å seie for kvar ein buset seg enn om at ein kan gå til skulen? Det vert og påpeika at det er viktig at vi har eit klarare kunnskapsgrunnlag før ein konkluderer.

**5.Elevtalutvikling ved Florø barneskole og Krokane skule**

I høyringsuttalen frå Ragnhild Skår vert det lagt vekt på at Florø barneskole er overfylt og at dette kan føre til at elevar ut frå skulen sin storleik ikkje vert sett og at elevane ikkje vil kjenne seg trygge.

**Elevtalsutvikling ved Florø barneskole**

| | **2024/25** | **2025/26** | **2026/27** | **2027/28** | **2028/29** | **2029/30** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **1. klasse** | 61 | 55 | 51 | 67 | 49 | 57 |
| **2. klasse** | 62 | 61 | 51 | 50 | 63 | 46 |
| **3. klasse** | 60 | 62 | 61 | 51 | 50 | 63 |
| **4. klasse** | 66 | 60 | 62 | 61 | 51 | 50 |
| **5. klasse.** | 58 | 66 | 60 | 62 | 61 | 51 |
| **6. klasse** | 56 | 58 | 66 | 60 | 62 | 61 |
| **7. klasse** | 54 | 56 | 58 | 66 | 60 | 62 |
| **Totalt** | **417** | **418** | **409** | **417** | **396** | **390** |
| | | | | | | |
| **Prognose** | **462** | **461** | **461** | **455** | **452** | **442** |

Tabell 6: Framskriving av elevtal ved Florø barneskole sett opp mot prognose nytta av Norconsult.

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>Det er viktig med pedagogar i barnehage, ferieopne barnehagar og sommartilbod for barn<br>g. Samle tilbod, noko som dessverre fører til nedlegging av skular. Det gir enklare rekruttering og meir stabile arbeidsforhold for pedagogar. Ein ny felles skule vil gje elevane eit likt skulemiljø uavhengig av kvar dei bur. Det er positiv med eit større sosialt miljø. Skavøypoll barnehage kunne då utvidast til å verte ein større barnehage.</td>
<td rowspan="2">Elevtalsutvikling Krokane skule
<table>
<tr><th></th><th>2024/25</th><th>2025/26</th><th>2026/27</th><th>2027/28</th><th>2028/29</th><th>2029/30</th></tr>
<tr><td>1. klasse</td><td>19</td><td>11</td><td>26</td><td>19</td><td>15</td><td>17</td></tr>
<tr><td>2. klasse</td><td>13</td><td>19</td><td>11</td><td>26</td><td>19</td><td>15</td></tr>
<tr><td>3. klasse</td><td>24</td><td>13</td><td>19</td><td>11</td><td>26</td><td>19</td></tr>
<tr><td>4. klasse</td><td>20</td><td>24</td><td>13</td><td>19</td><td>11</td><td>26</td></tr>
<tr><td>5. klasse.</td><td>28</td><td>20</td><td>24</td><td>13</td><td>19</td><td>11</td></tr>
<tr><td>6. klasse</td><td>16</td><td>28</td><td>20</td><td>24</td><td>13</td><td>19</td></tr>
<tr><td>7. klasse</td><td>28</td><td>16</td><td>28</td><td>20</td><td>24</td><td>13</td></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>148</td><td>131</td><td>141</td><td>132</td><td>127</td><td>120</td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Prognose</td><td></td><td>124</td><td>128</td><td>127</td><td>125</td><td>120</td></tr>
</table>
Tabell 7: Framskriving av elevtal ved Krokane sett opp mot prognose nytta av Norconsult<br><br>
Som vi kan sjå av tabellen har Florø barneskole hatt ein relativt stor elevtalsnedgang dei siste åra. Skulen har skuleåret 2024/25 98 elevar færre enn i skuleåret 2019/20. Elevtalsnedgangen er for Krokane skule er 50 elevar i same tidsperiode.<br>
Vi må tilbake til skuleåret 1997/98 for å finne eit like lågt elevtal (427 elevar) som Florø barneskole har i inneverande skuleår. Krokane skule hadde til samanlikning 355 elevar skuleåret 1997-98.<br><br>
Høgskolen i Innlandet laga i 2022 i kunnskapsoppsummering om «Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring» I denne rapporten vert det konkludert med at; «Gjennomgang av forskning omkring sammenhengen mellom elevens trivsel og omfanget av mobbing og skolestørrelse viser at størrelsen på skolen har tilnærmet ingen betydning for</td>
</tr>
<tr>
<td>28</td>
<td>Klaus Arne Iversen</td>
<td>I. Med ny anbodsrunde knytt til bygging av Skram skule er det mogleg å tenke nytt om skuleutbygging. Politisk er det beslutta å bygge Skram for 250 elevar for at skulane på Raudeberg og i Skavøypoll skulle bestå.<br>II. Iversen beskriv forholdene ved dei tre</td>
</tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | barneskulane i Måløy, på Raudeberg og i Skavøypoll og har tre alternativ til bruk av brakkeskulen:1. Skavøypoll nyttar brakkeskulen ved oppgradering av skulen. 2. Flytte brakkeskulen til Måløy og settast der gamleskulen vert riven, medan resten av bygningsmassa vert oppgradert. 3. Brakkeskulen vert sett opp på Skaredammen.<br>III. Forslag til skulestruktur:<br>1. Skram, rive gamlebygget og oppgradere/tilbygg for 5-7 klasse for skram, Holvik og Nord-Vågsøy.<br>2. Oppgradere Skavøypoll skule for 1-7 klasse på fastlandet<br>3. Raudeberg. Flytte brakkeskolen til Skaredammen som saman med Raudeberg skule har plass til 1-4 klasse for Nord-Vågsøy, Skram og Holvik/Våge. | *elevenes trivsel og omfanget av mobbing. Størrelsen på skolen forklarer alene ikke om elevene trives eller ikke trives på skolen, selv om det er en svak tendens til at elever på småskoletrinnet trives noe dårligere på skoler med mindre enn 150 elever»*. Det vert vidare peika på pedagogiske variablar knytt til leiing, samarbeid mellom lærarar, vennskap og undervisning som kan gje ei forståing av og forklaring på at skular bør ha ei viss storleik, og at både for små og for store skular kan ha nokre utfordringar.<br><br>**6.Auka reisetid for elevane ved Raudeberg skule**<br><br>Mange av elevane ved Raudeberg skule har skuleskyss i dag. Ved flytting til Skram skule, vil alle elevane ha rett til skyss. Elevar på 2-10.trinn som bur meir enn 4 km frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar på første årstrinn er skyssgrensa 2 km. Det er ikkje sett maksimale reisetider for skoleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skoleskyssen. Skyss etterstreber å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) innanfor følgjande rammer:<br>• Omlag 45 minutt for 1-4.årstrinn<br>• Omlag 60 minutt for 5.-7.årstrinn<br>• Omlag 75 minutt for 8.-10.trinn<br><br>Reisetida for elevane som sokner til Raudeberg skule er som følgjande i dag:<br>• Frå Kvalheim – til Raudeberg skule: 13 minutt<br>• Frå Halsør til Raudeberg skule: 21 minutt<br>• Frå Vedvik til Raudeberg skule: 14 minutt<br>• Frå Refvik – Raudeberg skule:10 minutt (lengste avstand i bygda)<br><br>Ei skulenedlegging vil føre til at fleire elevar vert avhengige av skuleskyss, og at dei som alt har slik skuleskyss, får lenger skyss. I rapporten "**Meir skyss – mindre helse"** https://www.nordlandsforskning.no/sites/default/files/files/Rapport_7_2015.pdf vert det stilt spørsmål om ein ved skulenedleggingar tek frå stadig fleire |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | IV. Busstransport er grei for alle alternativ. Raudeberg har eller kan få det samla sette beste og billegaste skuleanlegget. Raudeberg er og undervurdert med omsyn til utvikling.<br>V. Fordeling av klassene på Raudeberg og Skram medfører at ein kan sjå på det som ein skule og kan ha felles rektor og hjelpetenester. Økte kostnader til drift av tre skular må ein kunne tole. Framlegget gir betre høve til fysisk aktivitet.<br>VI. Følgjande investeringar er naudsynt:<br>1. Tilpassing til eller i eksisterande bygg på Skram skule utanom gamlebygget.<br>2. Tomten til gamlebygget på Skram planerast og inngår i uteareala.<br>3. Oppgradering av Skavøypoll skule.<br>4. Brakkeskulen vert brukt for skram eller | barn og unge " *den naturlige mosjon som gang og sykling… til og frå skulen representerer*". S.11.<br>• Frå Kvalheim: 33 minutt<br>• Frå Halsør:39 minutt<br>• Frå Vedvik: 32 minutt<br>• Frå Refvik: 32 minutt<br>• Frå Raudeberg: 18-20 minutt<br>Som ein kan sjå av dei estimerte tidene vil ingen av elevane som sokner til Raudeberg skule få ei skysstid som overstig 40 minutt.<br>Ei nedlegging av Raudeberg skule vil kunne gje auka skyssutgifter tilsvarande 255 000 kroner.<br><br>7. **Framlegg til nytt alternativ til skulestruktur i Måløy**<br>I høyringsinnspelet til Iversen ønskjer han å legge til rette for ein skule med elevane frå 1-4 trinn lokalisert på Raudeberg skule og ein skule for elevane på 5-7.trinn lokalisert på Skram skole. Bakgrunnen for innspelet er at skulestrukturen i nordre Kinn er i spel.<br>For å ta inn eit heilt nytt alternativ i tillegg til dei fire alternativa M0, M0+, M1 og M2 vil ein måtte starte utgreiingsprosessen på nytt for å avklare dei økonomiske, byggtekniske og kvalitetsmessige konsekvensane som Norconsult har utgreia for dei andre alternativa som er skissert i planen. Dette kan føre til ytterlegare forseinkingar knytt til oppstart av Skram skule.<br>I samfunnsplanen vert det lagt vekt på utfordringar knytt til å rekruttere nok fagfolk i åra som kjem. Mange er også uroa for rekrutteringa til grunnskulen. I dei områda som allereie no ser utfordringar knytt til rekruttering av lærarar i grunnskulen ser ein at dette er særleg vanskeleg på 1-4.trinn. Dette gjeld særleg for skular utanfor tettstader eller kommunesenter, skular som er langt unna kollektivtilbod og skular som etterspør spesiell kompetanse. Mange lærarstudentar vel lærarutdanning for 5-10.trinn og i mindre grad 1-7.trinn. Dette kan forklare noko av utfordringane ein ser knytt til rekruttering på 1-4.trinn. Store skular har vesentleg mindre utfordringar med rekruttering enn mindre skular kjem det fram i rapporten SØF-rapport nr. 04/23 Rekruttering av lærere ved norske skoler. Forklaringa på dette kan vere at |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Skavøypoll eller flyttast primært til Skaredammen.<br>5. Det vert antatt at det ikkje er store kostnader knytt til flytting av modulskule.<br>6. Omregulering frå idrettsformål til skuleformål på Skaredammen, samt gangbru over fylkesvegen.<br><br>Kostnader knytt til fylkesveg på Raudeberg er eit fylkeskommunalt ansvar medan utbetreing i Måløy er eit kommunalt ansvar. Det er og kostnader til opp-kjøp av private bustadtomter i Måløy.<br><br>VII. Overordna prinsipp for foreslått skulestruktur er kultur, livskvalitet, auka økonomisk effektivitet og barnet sitt beste.<br>VIII. Estimert innsparing er på 190 millionar ved å gå for framlegg til skulestruktur i punkt III. Driftskostnader vil verte eit par millionar ekstra. Dette er kostnader som er viktige for å sikre at | lærarane ønskjer større fagmiljø og moglegheit til å undervise i dei faga dei har kompetanse i. Dette er moment som og ligg til grunn for Norconsult sin rapport.<br><br>Ein skule for elevane på 1-4.klassetrinn vil med elevtalet for 2024-25 ha 173 elevar. Dette vil utgjere 8 klassar med 21, 6 elevar i snitt pr. klasse. I tillegg vil ein få ei stor SFO avdeling med over 100 elevar, slik ordninga med gratis kjernetid er for elevar på 1-3.trinn. Raudeberg skule har pr. I dag 7 klasserom og eit lite rom til SFO- tilbodet sitt. Det betyr at ein vil måtte dele elevgruppene mellom hovudbygg og brakker for å få plass til alle elevane.<br><br>Ei organisering i 1-4 og 5-7 i ulike skular vil også gje elevane ein ny overgang. Store overgangar i barnehage og skule er krevjande for alle elevar, for sårbare born er slike overgangar særleg utfordrande. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | bygdene framleis er attraktive for busetting og næringsliv. | |
| 29 | Ragnhild Skår | Barneskulen i Florø er overfylt og ikkje godkjend som skulebygg. Det er ikkje god politikk å flytte elevar frå Krokane inn i tronge og overfylte klasserom. Det vert ein skule der elevar ikkje vert sett og der dei ikkje føler seg trygge. Trygge barn vert som regel flinke vaksne. I dag har barna ein trygg overgang frå Furuhaugane barnehage til Krokane skule noko vi må ta vare på. Nedlegging vil føre til ein daud bydel der ingen lenger vil busette seg. | |
| 30 | Tone Thesen | Thesen meiner "10-minuttsbyen» bør også inkludere Krokane som bysenter. Krokane skule har plass til å ta i mot fleire elevar frå byskulen. Krokane skule har gode uteområde og gode potensiale for utviding. Det er naudsynt med tospråklege lærarar og assistentar og større behov for spesialundervisning/ individuelt tilrettelagd undervisning.<br><br>Når barnehagane har løpande opptak, blir det naudsynt å oppbemanne fordi det i | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | tilvenningstida stillast større krav til tilsette. Det er naudsynt med tilstrekkeleg grunnbemanning og kompetente vaksne. To-pedagogordninga i Kinn kommune må vidareførast for å sikre kvaliteten i det pedagogiske tilbodet i barnehagen. Grunnbemanninga må opp for å redusere slitasje og sjukefråvær. Ved å auke grunnbemanninga kan ein jobbe meir førebyggande med psyko-sosiale- og pedagogiske tiltak som på sikt kan redusere behovet for spesialundervisning i skulen. Det er umogleg å jobbe førebyggande dersom Kinn kommune vil gå ned på kvalitet og ressursar. Det vil heller ikkje skape attraktive arbeidsplassar. | |